

Vaksine mot smittsam hjernehinnebetennelse

Skulehelsetenesta tilbyr gratis vaksine mot smittsam hjernehinnebetennelse til ungdom i alderen 16-19 år ved Bømlø vidaregåande skule. Tilbodet er for dei som ikkje har fått vaksine før. Det finst to typar vaksiner og tilbodet gjeld den mest vanlege, type ACWY. Den gjev beskyttelse i 10 år.



Organisering:

Påmelding skjer via denne [lenka](#) eller QR koden til høgre.

Ein må svara på følgjande spørsmål ved påmelding:

- Ynskjer du vaksine mot hjernehinnebetennelse type ACWY?
- Bekreftar du at du vil utsetja vaksinen dersom du har feber over 38 grader på vaksinedagen?
- Har du tidlegare hatt alvorleg allergisk reaksjon på meningokokkvaksine?
- Har du tidlegare hatt alvorleg allergisk reaksjon på innhaldsstoff i vaksiner?
- Er du eller kan du vera gravid?
- Har du ein sjukdom som gjev svekka immunforsvar, eller brukar du medisinar som svekker immunforsvaret?

Merk: Dei med dårleg immunforsvar bør ta vaksinen, men han kan potensielt ha noko redusert effekt. Dei med feber over 38 grader på vaksinedagen må utsetja vaksining. Med alvorleg allergisk reaksjon meiner ein hevelsar, pustevanskar og innlegging i sjukehus for behandling. Vaksinen inneheld ikkje egg. Gravide bør berre ta vaksinen dersom det er mykje smitte i omløp.

Det blir klassevis vaksinasjon følgjande datoar:

- **Tysdag 17.03.25 ved lokasjon Rubbestadneset**
- **Onsdag 18.03.25 ved lokasjon Leite**

Info frå Folkehelseinstituttet; [Infoark FHI](#)

Info om type B vaksine: [Bømlø kommune](#)

Om det er særskilte omsyn eller behov,
ta gjerne kontakt med helsesjukepleiar i forkant, tlf; 48 86 25 77.

Venleg helsing
Linn Therese Olaussen
Helsesjukepleiar ved Bømlø vidaregåande skule